Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Död og Begravelse

Bygdelag: Sandsöy

Oppskr. av: Gerhard Bringsvor

Gard: Leina

(adresse): Sandshamn

G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eige høyr og Röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dödsvarsler

Dei såg varsler i mange ting. Når ei ku sjölvdauda, trudde dei det var, fegd, og ein kvar av Hüslydm, skulde döy.
Misste dei sauer, eller gjeiter, so var det fegd!
Sette Ørn eller Bergüla, seg på hüstaket, so var det fegderbod, og nokon i hüslegdn skulde döy! Treffe ein Halmstrå i kross på Löde eller Fjösgolv, so varsla det ein nydöd. Dröyinde ein um graoferd, varsla det ein nydöd. Mykje mykje meir, kunne verta uppreknna, um varsel og fegd.

1 Det som eg har nemt ovanfor,

2 Nei ikkje, anna enn varsler i ny og na!

3 Nei noko sikkert varsel, var det ikkje, og ingen hadde sikker greie slikt, berre ei Tru eller overtru.

4 Det var somme, som sa at dei dröyinde sant, men i vår tid trur dei ikkje på slikt!

5 Har höyrt, um ein gamal mann, som var so füll av Lopper og Lüs, og vart aldri rein, for slike dyr. Men etter at han var död, var dei uhyggelege krypa forsvunne!

6 Fann det var mange, som leid av noko dei kalla Helhunger. Dei fekk aldri nokk av mat eller drykk, ja dei åt, alt som kom for dei, rått eller rote, ja dei åt av sengklede og sengehalm. Det spörst, um det ikkje var sukkersjuka, dei leid av!

13146

7 Nei har kje höyrt noko um dette, döyde gjorde dei kvar som helst i huset!
8 Ikkje för döden kom, var det noko forandring!
9 Dei brukte å gi den döyande litt altervin, rett för döden kom. Har og höyrt, um ein mann, som ropte til sonen, at han skulde lyfte av Ljoren so sjola ~~sl~~ slepp ut, når kona låg og andast!
10 Jau ofte vart det sendt bod, etter presten, til dödslega!
11 Presten vart bodsendt. Det vart kalla Sognebud! Presten tala då om dei evige ting, og so gav Presten den sjuke, natverden
12 Ja det vart, sendt bod etter borna, eller naraste slegta!
13 För i tida, snakka ofte folk, på dödslega, um kor gravferda skulde vera. Enno kan sume bestemme over ekkete ting, kven som skal ha det eller det. Elles har dei fleste nokk med dödskampen, og kva som fylgjer den!
14 Dei sa. Han döydde inatt, Han somna av i natt. Han fekk flytte. Han fekk fara inatt, alle desse uttrykk var brukt her!
15 Ein kjende på Pulsen, om der var liv, stod den still, var livet utslökt. Har kje höyrt um enten Ljos, eller Spegel, til dette!
16 Har höyrt ei legende, um, ein som var begraven, og grava vart opatgrava, delvis, ved at ein ny vart graven på sida. Dei fann endegavlen, sprett ut, og trudde soleis, at denne hadde vore Skjindöd!
17 Ja ein la att augneloka, men at dei brukte eit mynt, har kje eg höyrt!
18 Det er mest brukt, å ha eit bind under haka, det har og vore, brukt ei salmebok, under haka, for at munnen skulde halda att!

13146

19 Ikkje nokon sers. skulde få vita det, men det vart snart kjendt i grenda, um nokon döydde!

20 Det vart ikkje sendt nokor bod um dödsfallet. Men det skulde ringast til Lensmannen um dödsfallet!

21 Nei det har aldri vore brukt her!

22 Dei stansa klokka, tok nokre fjöler, som dei la liket på, etter at det var svöypt. Elles hengde dei eit åklede for glaset.

23 Eit par dagar etter, var kjista ferdig, og dei la liket i kista.

24 Det vart först lagt på eit bord, eller nokre fjöler!

25 Nei aldri lagt på Halm

26 Dei meinar at liket låg i senga, og i senga var altid Halm. Dette, å ligga på Likstrå, er lite kjent her!

27 Ja i regelen, vart Sengehalmen brend, so snart ein var död, dei la då liket fram, og senga vart tömd, og Halmen og ymse anna vart brend!

28 Ja dei därlegaste kleda, vart og brend!

29 Sjå nr 27.

30 Liket vart vaska og stelt, tett etter dödsfallet. Hadde dei svöpt, ferdig, so vart den döde kledd i den siste klednad, og lagd fram or senga!

31 Det var husets folk, og ei par av grannfolka!

32 I regelen var folk svartkledd, men det var' kje altid so nöye med kleda.

33 Ja, ein brukte å stella håret, med Kamben!

34 Ja dei brukte å barbere liket!

35 Nei det veit eg ikkje om!

36 Ja, ein brukte, å vaska liket, før ein svöypte det.

37 Nei det, har eg aldri höyrt gjete!

38 Dei sa, å Svöipe liket!

39 Dei kalla det Lik klede, eller Svöyp!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


40 Dei sa Liklaken. Dette var 3 m langt, og 2 m breitt. Dette la dei med i Lik kista, og la den døde nedpå. Sidan bredde dei lakenet over alt!
41 Har høyrt, at døydde unge konor, til dømes med fyrste barnet, brukte dei Brudelakenet, og av og til Brudekjolen vart dei kledd i!
42 Ja dei brukte, å kle liket i underklær og Strømper!
43 Folk brukte, å ha Likkjorte liggande, i fleire år, ferdig til bruk, likeeins det øvrige som høyrde til Likvøypet.
44 Det var brukt både Lin, og Lerreft!
45 Nei føterne var gøymt i Svøypet!
46 Ja, dei brukte Strømper, men ikkje Sko!
47 Ja Gamle kvinnor, fekk oftast ha den Huva, som ho hadde havt på seg. Den var oftast Svart, eller Brun.
48 Nei likklæda var oftast like, både for unge og eldre, ein pynta ofte med grønt, og blomar rundt Hovudet åt den døde!
49 Nei det var som dei andre, sovidt eg veit!
50 Nei, har kje sett, at dei brukte Blonder!
51 Frå 1920 og utover, har det vore bruk, å kjøpa både kiste og Svøyp!
52 Ja no er alt Svøyp kjøpt ferdig, og er av papir!
53 Ja vi kallar det Svøyp!
54 Nei har aldri høyrt, at det skulde hjelpa mot sjukdom, om ein rørde ved liket!
55 Ja folk kvidde seg, helst for å røra ved liket, og summe frykta for sjukdom og Smitte!
56 Nei dette, har eg ikkje høyrt gjete her!
57 Har kje høyrt, at dei brukte noget over augo!
58 Dei hadde altid Material til Lik kista ferdig liggande enten på Lødebitanu, eller Lødebitane!
59 I eldre tider, var det brukt Trenaglar, men sidan det det vart vanleg med Spikring, har det vore brukt Spikrar i Likkista!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING Emne 64 

60 Ja det var sette stroppe av Taug i Kista, so dei bar etter!

61 Karane i grenda hjelpest åt, med å laga Kista, gjerne, var det ein snikkar med i laget, elles var dei fleste karfolk, so Trehendte, at dei kunne med sovore!

62 Ja so langt, eg kan hukse var kistone svart måla. Dei kjøpte små pakkar av Kynrik, ein slags Svartmåling, som dei rørde ut, i Tran eller Vatn, og smurde på kista. Det var visst ofte kistor med berre Treliten, før mine Dagar!

63 Frå 1915 åra, og utover, har det vore meir og meir brukt kvite Lik kistor!

64 Nei nokon åpning i Kistelokit, har eg ikkje høyrt um!

65 Dei brukte altid Hyvelspon!

66 Puta var som ei vanleg pute, fylt med Hyvelspon!

67 Ja kistone er kjøpt ferdige frå fabrikk, og er altid kvitmåla.

68 Det einaste dei døde fekk med i kista, var Bibel og Salmebok, eller ei andagtsbok, oftast fekk dei ingenting med, av sovore heller!

69 Barselkone fekk med, barnet um det døde, og då var det iklædd barnetøy. Elles ikkje!

70 I elste tid, var det ikkje pynt på kista, men før 1900, og utover, tok dei til å binde kransar av Mølbær ris, som dei feste rundt kista, Likeins batt dei Kransar av Gran og Lakkegrimer.

71 Nei strøing av Linfrø, har kje vore brukt her!

72 Dei la planter av fine stoveplantar, rundt hovude på liket, til pynt, ikkje for å halde burte lukt.

73 Nei har aldri høyrt um noko slikt!

74 Når liket, skulde leggast i kista, har det altid og enno, vore brukt, å senda bod på slekt og naraste grannar. Det vart då sunge eit par salmar, og halde ei andaktstund. Det kallast å leggja i kista!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

75 Nei det var ikkje beverting, folk gjekk stilt heimatt, kvar til sit!

76 Kista stod ofte på Låven, eller i eit kammers!

77 Det vart breitt eit Laken eller klede for glaset, Elles var det ikkje pynta eller stelt med noko før til gravferdsdagen!

78 Det vart ikkje pynta det grand, kvar so enn kista stod.

79 Slike Bårhyttor var kje brukt her!

80 Som ovanfor på 79!

81 Det vart ikkje sått bar, før Gravferdsdagen!

82 Har aldri høyrt, at det var nokon regel kor liket låg!

83 Dei la Lokket på, enn det vart ikkje spikra fast før gravferdsdagen!

84 Ansiktsduken var firkanta, omtrent som eit stort lommetørkle!

85 Det var kalla Sveittedük eller Ansiktsdük!

86 Det kom ikkje nokon, for å sjå liket før gravferdsdagen. Då fekk alle som vilde, sjå liket!

87 Nei vi har havt kyrkje i over 800 år!

88 Vi har ikkje gravkapell.

89 Ja, alt skulde vere stillt, og høvisk, vart det litt uro, so sa dei. Du må vita vi hev ein død i huset!

90 Det var berre, at alt skulde vere stilt og sømeleg!

91 Etter gravferda, merka ein ikkje, so mykje til at ein død nyst var gått or huset, og noko bestemt syrgjetid var det ikkje!

92 Under syrgjetida, skulde ein fara sømeleg og fint åt. Ikkje dans, eller drykk, eller lettvindig tale,

93 Sjeldan var det noko sørgedrakt for menn. Kvinnor derimot, hadde mørke eller svarte klær på gravferdsdagen!

94 Enke hadde svart kjole på gravferdsdagen, og stundom, dei fyrste Preikesundagar etter Gravferda!

95 Nei, har ikkje høyrt, um at dei skuld åtvare mot for mykje. I gamle salmebøker, var eit vers som lydde slik: Med sorgen og klagen, hold måde!

13146

96 Nei so gamme, har eg ikkje höyrt dei var
Dei sa av og til, at um dei birre gret, natt
og dag, so kunne dei ikkje få att den döde.
97 Den beste råd, å lindre sorga, var å arbeide,
og söka selskap hjå andre menneske!
98 Aldri var gravferdsdagen på sundag. Elles
var det 5 elle 6 dagen, etter dödsdagen, som
var gravferdsdag, aldri nokon bestemt dag elles!
99 I eldre tider var det kalla Gravöl. No seggjer folk
at dei skal i Begravelse, eller det skal vere Begravelse!
100 Folk samlast i stova. Det vart sunge ein salme.
Ein eller fleire av slegt eller grannar, heldt andagt
eller sa nokre ord om den avdöde, so song dei
ein salme att. Dei tok då kista, og bar den ut,
medan ein forsongar stemde i ein salme, lyden
song med, dette var å syngja ut liket!
101 Lokket vart spikra fast, för dei tok til, med
avferda or stova!
102 Nei noko åkle på kista, var kje brukt her!
103 För i tida, brukte ein ikkje lys, no har dei teke
til å bruka lys, på eit bord, for hovudenden
av båra!
104 Nei dei brukte, ikkje lys, No brukar ein 2 lysstaker!
105 Har kje höyrt anna enn at ljosa, vart brukt til
å brenna, når det trongdest!
106 Ljosa vart ikkje bore, fram för kista!
107 Det er som ovanfor!
108 Nei ljosa vart brukt, som vanlege ljos heime!
109 Nei, dei brukte aldri å brenne ljos for gravferda!
110 Veit ikkje so mykje um dette. Det har ikkje vore
skikk å vake over döde, dei siste 60 åra. Men
för den tid, sat det 2–3 menneske, og vakte
over den döde. Dei las og song, og fortalde
sogor frå gamle dagar, til tidartröytt!

13146

111 For over 60 år sidan!

112 Nei gråtekonor veit ikkje ei om her i bygda!

113 Nei songen var som vanleg, men helst var songen vedkjømeleg og sorgfull!

114 Ja no er alltid, ein av prestane med i Gravferde frå fyrst til sist! Han talar i heimen, i kyrkja og han jordfester, same dagen!

115 Frå 1930 og til idag, har det vorte fast skjikke at presten er med i alle gravferder!

116 Før var det ein mann i bygda, med god songröyst, som song ut liket. Elles var det tale av ein kvar, av bygdefolket, før dei song ut liket!

117 Nei noko slags drikking, i høve gravferde har kje vore brukt, dei siste 100 åra!

118 Har som sakt, ikkje höyrt, um drikking i Gravferd!

119 Slegtningar og grannar, byttest om å bera, ut Lik kista!

120 Ja, ofte, var det slik, at dei som var nærast i slekt med avdöde, slapp å bera ut liket!

121 No skal helst dei som er mest narskylde bera ut liket, so som söner, svigersöner eller brör!

122 Liket skulde alltid berast ut med fotenden fyrst!

123 Har kje höyrt, at dei sette ned kista på Terskelen!

124 Nei noko likdör, har aldri vore tale om her!

125 Før var det ikkje strödd på vegen, men no i våre dager er det bruk å strö finhakka eine på tunet og burt etter vegen!

126 Ja dei sette kista ned på tunet, før dei drog vidare, og folk fekk på seg ytterplagga!

127 Nei, har aldri höyrt, at det var brukt skjenk!

128 Ja kvinnfolka fylgde eit stykke på veg, var det brukt båt til kyrkja, fylgde dei med til sjöen og gjekk so heim. Det var sjeldan kvinnfolka fylgde med til kyrkja!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING Emne 64 

129 Alle menn som var i gravferda fylgde med til kyrkja!

130 Frå 1920 har det vorte fast skikk, at kvinnorne er med gravfylgjet til kyrkja!

131 Ja folk likar, at det er flest mulig, med i gravferda, og det vert av og til, sett vondt for umælg på dei som ikkje kom til gravferda!

132 Nei noko slags pyntlang, anna enn litt finbakke eine, var ikkje brukt!

133 Nei alt var so enkelt som mulig, ved gravferda og det var ingen pynting, korkje i hus eller vegar!

134 Å heise flagg på halv stong, har vore brukt iallfall sidan 1900. Men det var i regelen berre dei beste og rikaste i bygda som hadde flagg!

135 Som oftast heiser alle grannar og slegtningar flagg langs vegen, der den døde vart køyrd. Men når det var eit stykke ifrå, heiste dei ikkje flagg.

136 Ja dei siste 30 til 40 år, har det vorte skikk å heise flagget til topp, når den døde var komen i jorda!

137 Når gravfylgjet for heimat, heiste dei flagget til topp!

138 Nei her er det ikkje skikk, å flagge på halv stong heile dagen!

139 Nei likfylgjet, stansa ikkje på vegen, men heldt fram, til dei kom til kyrkja!

140 Nei det har aldri vore flagga med kvite klede. Likfylgjet vart helsa, med handhelsing som vanleg!

141 Nei dei song ikkje i båten!

142 Nei noko slags roping på høgder, veit eg ikkje um, alt gjekk stilt og sømelegt for seg, enten det var på land eller i båt!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Emne 64

143 Nei her er ingen sovorn stein, som dei sette Likkista frå seg på. Den tid dei bar liket, sette dei kista ned, og kvilde kvar somhelst.
144 Jau, dei sette kista ned, kvar som helst, um det var veg eller mark var det same!
145 Veit ikkje um, at dei brukte noko underlag!
146 Nei det var det same, kor leit hesten var på lit, han kunne godt vera kvit for den skuld!
147 Heller ikkje, dette med kva slags hest, som vart brukt!
148 Ja ein skulde helst, ha den hesten i grenda som var mest rolig, og gjekk seinast!
149 Ja det vart oftast köyrt fortare heimover, men noko kappköyring var ikkje her!
150 Det var oftast sonen i huset, som köyrde far eller mor til grava!
151 Ja köyraren gjekk på sida åt Likvogna!
152 Nei det sat ingen på kista, songaren gjekk tett attanfor kista!
153 Var det gravferd på slike stader, der det ikkje var veg, vart Likkista bora, og karane skiftes um å bera.
154 Nei har kje höyrt, at dei höyrde noko, eller såg noko, ved Kyrkjeklokkor eller Ljos, um den avdödes atferd!
155 Dei sa borna döydde salig, berre dei var döyft. Dei vaksne, var det kje noko slik tru om. Dei döydde, som dei levde!
156 Naraste grannarne lyfte Kista av vogna, og i eldre tider bar den burt på gravbakken! No vert kista bora fram for koret i kyrkja, der den vert sett på tvo stolar!
157 I kyrkja vart göymt Skaller Hakker, og Taug til å fira kista ned i grava!

13146

158 Dei höyrde kyrkja til!
159 Det var helst næraste slegta, men elles var det kvenn som helst, som vilde hjelpa til!
160 Nei det var ingen ting gjort med stetten!
161 Presten kom tilstades ved alteret, når kista var kome fram for koret, og högtida tok til!
162 Nei kista, vart ikkje bora rundt kyrkja!
163 Ja i dei seinare tider, vert altid kista böra inn i kyrkja, der prest og klokkar og organist er til stades!
164 Ja för dei tok til å ha kista inn i kyrkja, vart kista bora til grava, under salmesong!
165 Nei kista vart ikkje bore rundt grava, men sett ned ved grava, til dei fekk ordna seg med tang som dei fira kista ned med!
166 Dei ringde, både medan, dei senka kista ned, og sidan grava, var attkasta ringde dei!
167 Frå 1930 har vi havt fast gravar!
168 Nei, han vart kalla berre Gravaren!
169 Oftast vart grava opkasta, medan folket venta, og alle menn byttest om å grave, men det vart og grave graver, dagen fyreåt!
170 Ja det var granner og slegt, som var i Gravfylgjet som kasta att grava! Men sidan det vart gravar er han som kaster att grava!
171 Det var Presten, som kasta jörd, på kista, og karane kasta at grava. Men kyrkjevegtaren som helst skuffe som Presten tok molda frå, kasta den molda som var att ned på kista!
172 Har höyrt, at dei måtte jordfeste dei, so dei ikkje skulde gå igjen, men vera rolig i grava!
173 I eldre tider, var det brukt, noko dei kalla Grav-stokkar, denne sette dei ned på kista, og stod over grava, dette verka som eit rör, og når Presten kasta jörd på, hadde dei jorda ned gjenom röret, so molda skulde koma ned på kista. Desse gravstokkar stod ofte oppe, med stygg lukt. Men etter jordfestingi vart dei tekne burt!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



174 Det var lite med pyntinga med grava
før i tida. Dei spadde fine grastorver, og
stelte grava med deim, kanskje vart det
planta ei buske, av ein eller annen tresort!

175 No steller ein gravene, med ymse slags blomar
vakre Gravsteinar ser ein overalt. Det har og vorte
fast skikk, at ein skal pynte gravene, åt
sine næraste med Kransar og Granbar, kvar
Julafta!

176 Ja dei fekk same stell og lik klær, som andre!

177 Kista vart bora, gjenom Kyrkjegardsporten!

178 Har kje høyrt anna, enn at liken vart køyrt
til kyrkjegardsporten, som hjå vanlege avdøde!

179 I eldre tider, skulde sjølmordaren, gravast
på utsida av kyrkjegardsmuren. Sidan skulde
dei gravast, på baksida av kyrkja, grava skulde
lagast flat, so den ikkje syntes. Og folk skulde
gløyma den avlidne. No vert ein sjølmordar
gravlagd, saman, med dei andre, og jordsla
som dei andre!

180 Småbarn som døydde, før dei vart døypte, vart
ofte innsett i kyrkjekjellaren, eller dei vart
gravne med i grava åt næraste slegta!

181 Fortidleg fødde born, vart sett inn på kyrkje-
loftet eller kyrkjekjellaren, og ofte stukke inn
på innsida av kyrkjemuren!

182 I eldre tider sa dei altid Grav~~ferd~~øl. No er
det begravelse, eller Gravferd!

183 Det var mannen eller husbonden på garden
som baud inn til begravelse, og var det husbonden
som var død, var det sonen eller versonen som
baud inn til gravferda!

184 Det var slegt, og grannar som vart innbedne
i den grenda, dei budde i! Til bryllup var
det helst meir folk innbedne, okso frå andre bygder!

13146

Emne 64

185 Ein brukte, ikkje Beamann her, so vidt eg veit!

186

187 Veit ikkje um, at ein brukte å ha Beamann!

189 Fa det hende ofte ein sende brev, um dei låg

190 eit stykke i frå, til eksempel Grannebygda!

Har aldri høyrt, at gravferda varde meir enn

ein dag. Men var der gjester lenger burte i frå

var. dei natte over, i sørgjehuset!

191 Det var, morgonmat. Middagsmat. Kaffi og kaker

etter middagen. og Kveldsmat!

192 Har aldri høyrt om nokon slags mat, ein ikkje

skulle bruka!

193 Maten var likt, enten det var kar eller kvende. Gift

eller ugift!

194 Gravferdsdagen, var det helst slik, at dei nærast

av huslyden, skulle vera fri det meste av arbeidet

med med maten, det var altid ein kvan som

hjelpte til med sovore, heilt gratis!

195 Då dei fleste av bygdefolk og grannar, var med

i gravferda, stod arbeidet på gardane stilt, men

var det ein eller annen att i heimane, so fusla dei

med eit eller anna arbeid!

196 So langt eg veit, har det ikkje vore skikk, å

ha matsending med seg til Begravelse. Men til

Bryllup hadde dei med seg matsending!

197 Det vart ikkje sendt mat til gravferd!

198 Nei det, eg veit ikkje anna sending, enn at dei

hadde med seg ei spann mjølk, grannekonorne!

199–200. Eg veit ikkje um sendingar!

201 Fleire dagars Gravøl, har eg aldri høyrt gjeve

her. Frå 1930, har ein gått over til å ha berre

eit mål mat, mot før, at det var fire mål

mat. Når folk kjem att frå kyrkja, får dei

Kaffi i eit Samlingshus. Maten er brødskjivor

med godt pålegg på Kveitebrød og Lefsor, og so enten

Fiskepudding eller steikte Fisk eller Kjøtkaker!

13146

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Emne 64

202 Sidan dei store religiöse vekkingar, i 1880 åra,
og skipinga av avhaldslag og Losjer i 1890 åra,
vart det heilt slutt med, ~~ma~~ ölbrygging, eller
noko slags drykk i Begravelsa!

203 Det vart før slutt, med Ölbrygging og rusdrykk
bruk, ved Begravelse, eller ved brudlaup.

204 I vår tid sender ein Kranser og Kondolansetelegram!

205 Det tok so smått til å kjöpa kransar, i 1905 og
utover. No er det helst for mykje kransar!

206 Ja i fyrstninga laga dei Kransar av bar og
Molbærlyng, pynta med roser frå stoveblomane.

207 Ja på dei dyraste, og finaste kransane, var det
brukt Kvite og Svarte Silkesløyfer, med inskrift
frå dei næraste slegtningar! Det tok til 1910.

208 Ja fleire av kransane fylgjer kista i grava!
Men nokre av dei finaste, helst frå dei næraste
slegtningar, vart lagt på grava!

209 Kransane vert då liggande på grava, til dei
falnar, og vert kasta burt!

210 Sjå kva eg skriv på 202 og 203.

211 Ja på store stader, der det er meir tett grend
brukar ein å ha begravelse middagen på Hotell
Her brukar vi forsamlingshusa. Etter på maten
er det oftast ei andagtsstund, der ein minnest
den avdöde!

212 Frå 1920 er det vorte meir og meir bruk, å
avertere i avisa um dödsfallet!

13146

Skrive og svara av Gerhard Bringsvor

Sandshamn den 13 Mars 1957